



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 23.11.2016

Sak nr.: 16/8251-3

Internt l.nr.: 40200/16

Sak: 119/16

Tittel: Jordbruksforhandlingane 2017

Behandling:

Frå hovudutvalet for næring og kultur låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Jordbruksoppgjeret må stimulere til auka produksjon, kvalitet og inntening i landbruket i fylket. Gardsbruka må bli tryggare og meir attraktive som arbeids- og buplassar.
2. Konkrete innspel til jordbruksforhandlingane 2017:
 - a. Det må bli tatt omsyn til fylket sin eksisterande bruksstruktur. I nasjonal samanheng er fylket prega av mange små bruk, vanskeleg topografi, store avstandar mellom bruka og store avstandar til marknad og omsetning. Verkemidla må styrast slik at små og mellomstore bruk vert tekne i vare.
 - b. Det må bli ei styrking av distriktsretta verkemiddel knytt til grovførbasert produksjon av storfekjøt, lammekjøt, mjølk og produksjon av frukt og bær.
 - c. Det er viktig å legge til rette for betre økonomi i ammekuproduksjonen på mindre og mellomstore einingar. Ledig areal i distrikta må kunne nyttast og økonomien i ammekuproduksjonen må styrkast for buskaper inntil 20 dyr.
 - d. Vi må halde fast på dagens regioninndeling for omsetnad av mjølkekvoter
 - e. For å kompensere for kostnader knytt til topografiske utfordringar, små teigar og bratte areal, bør det innførast eit driftsulempetilskot.
 - f. Tilskot til dyr på beite må aukast.
 - g. Det bør på nytt innførast eit nydyrkingstilskot.
 - h. Distrikts- og kvalitetstilskotet for industribær må aukast for å styrke økonomien i produksjonen. Pristilskot på økologisk frukt og bær bør aukast.
 - i. Det er stor trong for grøfting, og grøftetilskotet må aukast. Dette vil også vere eit særskilt godt klimatiltak.
 - j. Rammene for midlar til investering og bedriftsutvikling må aukast, og den regionale forvaltninga må halde fram. Regelverket for IBU-midlar bør endrast slik at det vert opna for maksimale tilskot på 40% og ikkje 33% som i dag.
 - k. Vi må utnytte handlingsrommet som dagens tollvern kan gje for auka pris til produsent.

Endringsframlegg:

Høgre sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Jordbruksoppgjæret må stimulere til auka produksjon, kvalitet og inntening i landbruket i fylket. Gardsbruka må bli tryggare og meir attraktive som arbeids- og buplassar.

2. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at ein i jordbruksoppgjæret held fram forenklinga og avbyråkratiseringa av verkemiddelordningane i jordbruket, samstundes som ordningane må sikre ein variert bruksstruktur med jordbruk over heile landet. Ein må fortsette styrkinga av investeringsordningane, og kraftig auke potten til investeringsstøtte slik at fleire og mindre bruk får høve til å investere. Fylkeskommunen ber og om at ein prioriterer tiltak for å ta i vare kulturlandskapet, sikrar bruk av utmarksbeiter og nydyrking. Fylkeskommunen krev og at eventuelle endringar i dagens tollvern ikkje får negative konsekvensar for anna eksport, spesielt for eksport av fisk og fiskeprodukt.

Venstre sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Jordbruksoppgjæret må stimulere til auka produksjon, kvalitet og inntening i landbruket i fylket. Gardsbruka må bli tryggare og meir attraktive som arbeids - og buplassar.

2. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at ein i jordbruksoppgjæret held fram forenklinga og avbyråkratiseringa av verkemiddelordningane i jordbruket, samstundes som ordningane må sikre ein variert bruksstruktur med jordbruk over heile landet. Ein må fortsette styrkinga av investeringsordningane, og kraftig auke potten til investeringsstøtte slik at fleire og mindre bruk får høve til å investere. Fylkeskommunen ber og om at ein prioriterer tiltak for å ta i vare kulturlandskapet , sikrar bruk av utmarksbeiter og nydyrking.

3. Vi må halde fast på dagens regioninndeling av mjølkekvotar

Avrøysting:

Bjørn Erik Hollevik røysta for framlegget frå Høgre, og framlegget fall.

Gunhild Berge Stang røysta for framlegget frå Venstre, og framlegget fall.

Tilrådinga frå hovudutvalet for næring og kultur vart deretter samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Jordbruksoppgjæret må stimulere til auka produksjon, kvalitet og inntening i landbruket i fylket. Gardsbruka må bli tryggare og meir attraktive som arbeids- og buplassar.
2. Konkrete innspel til jordbruksforhandlingane 2017:
 - a. Det må bli tatt omsyn til fylket sin eksisterande bruksstruktur. I nasjonal samanheng er fylket prega av mange små bruk, vanskeleg topografi, store avstandar mellom bruka og store avstandar til marknad og omsetning. Verkemidla må styrast slik at små og mellomstore bruk vert tekne i vare.
 - b. Det må bli ei styrking av distriktsretta verkemiddel knytt til grovfôrbasert produksjon av storfekjøt, lammekjøt, mjølk og produksjon av frukt og bær.
 - c. Det er viktig å legge til rette for betre økonomi i ammekuproduksjonen på mindre og mellomstore einingar. Ledig areal i distrikta må kunne nyttast og økonomien i ammekuproduksjonen må styrkast for buskaper inntil 20 dyr.
 - d. Vi må halde fast på dagens regioninndeling for omsetnad av mjølkekvoter
 - e. For å kompensere for kostnader knytt til topografiske utfordringar, små teigar og bratte areal, bør det innførast eit driftsulempetilskot.
 - f. Tilskot til dyr på beite må aukast.
 - g. Det bør på nytt innførast eit nydyrkingstilskot.
 - h. Distrikts- og kvalitetstilskotet for industribær må aukast for å styrke økonomien i produksjonen. Pristilskot på økologisk frukt og bær bør aukast.
 - i. Det er stor trong for grøfting, og grøftetilskotet må aukast. Dette vil også vere eit særskilt godt klimatiltak.

- j. Rammene for midlar til investering og bedriftsutvikling må aukast, og den regionale forvaltninga må halde fram. Regelverket for IBU-midlar bør endrast slik at det vert opna for maksimale tilskot på 40% og ikkje 33% som i dag.
- k. Vi må utnytte handlingsrommet som dagens tollvern kan gje for auka pris til produsent.